

05a

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET
29 AUG. 1995

ÅRSMELDING 1994



FISKERIRETTLEIAREN
|
HARAM, SKODJE, ØRSKOG
VESTNES OG RAUMA

F O R O R D

I fylgje lova om rettleiingstenesta i fiskerinæringa, og paragraf 10 i instruks for fiskerirettleiingar, skal fiskerirettleiaren utarbeide årsmelding med oversikt over dei ulike gjeremål ved fiskerikontoret det føregåande år.

Årsmeldinga skal gi eit anvendelig bilete av utviklinga innan distriktets fiskerinæring i beretningsåret. Den representerer som sådan eit viktig hjelpemiddel i sakshandsaminga for fiskerinemnda og fiskerirettleiar, og venteleg også for kommunepolitikarar i deira arbeid med næringsverksemd.

Årsmeldinga er utarbeidd av underskrivne fiskerirettleiar, og den er i tråd med Fiskeridirektoratets reviderte opplegg for "standardisering av årsmeldingar for fiskerirettleiarar", likevel med unntak av ein skilde endringar tilpasset vårt distrikt.

Ein gjer merksam på at nokre av tabellane i årsmeldinga, til dømes i kapittel 6, som viser fangstmengde og -verdi er køyrt ut på eit svært foreløpig datagrunnlag og bør sjåast på som til dels "grov" og ukorrigert fiskeristatistikk. Det kan derfor verte aktuelt å korrigere talgrunnlaget i statistikken for 1994 dersom det seinare kjem inn nye og meir nøyaktige data. Dette gjer at ein må bruke dataene med atterhald om høve til å korrigere tala.

Brattvåg, 20. juli 1995

Olav Johan Flaa

I N N H A L D S L I S T E

	Side
1. KORT OM TENESTEDISTRIKTET	3
2. SAMANDRAG	6
3. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA	13
3.1. Sysselsetting i fisket	13
3.2. Sysselsetting i foredlingsleddet	15
3.3. Sysselsetting i oppdrettsnæringa	16
4. FISKEFLÅTEN	17
4.1. Merkeregisteret	17
4.2. Konsesjonsbildet for kommunane	20
5. FOREDLINGSLEDDET	21
5.1. Fiskebedriftene	21
5.2. Råstoff, produksjon	21
6. RÅSTOFFSITUASJONEN/ILANDFØRT KVANTUM	23
6.1. Fiskeflåtens leveringar	23
6.2. Utviklingstrekk	23
7. FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR	26
7.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)	26
7.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjel- dyrking	29
8. ANDRE VERKSEMDER	31
8.1. Kystsoneplanlegging	31
8.2. Fiskerihammesaker	31
8.3. Samarbeidstiltak	31
8.4. Sikkerhetsoppløring for fiskarar	32
8.5. Fiskeriutdanning	32

1. KORT OM TENESTEDISTRIKTET

Tenestedistriktet består av dei fem kommunane Haram, Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma. Rauma kommune vart innlemma i tenestedistriktet etter at det formelt var oppretta og vart først teke med i årsmeldinga i 1992. Regionen hadde pr. 01.01.95 eit folketal på 28 242, og det var ein svak vekst i folketallet siste året.

Når det gjeld person- og godstrafikken i distriktet er den basert både på sjøverts og landverts samband. Møre og Romsdal Fylkesbåtar syter for den rutegåande trafikken til sjøs. Denne trafikken går no både med ferje og snøggbåt. Ved sida av den vanlege buss- og godsruetekøyringa, går også mykje av godstrafikken med lastebilar.

Haram kommune hadde pr. 01.01.95 eit folketal på 8 633. Det er ein auke på 16 personar samanlikna med i fjor. Haram er den nordlegaste av kommunane på Sunnmøre og ligg om lag midtvegs mellom byane Ålesund og Molde. Av grannekommunane ligg Giske i vest, Ålesund og Skodje i sør, Vestnes og Midsund i aust og Sandøy i nord. Kommunen er delt inn i eit fastlandsområde og ei øygruppe. På fastlandet ligg bygdene Søvik, Vatne og kommunesenteret Brattvåg.

Øygruppa som ligg utanfor Sunnmørskysten vert kalla Nordøyane. Fire av desse øyane høyrer Haram til. Det er: Lepsøy, Haramsøy, Skuløya/Flemsøya og Fjørtoft. Skipsleia skil desse øyane frå fastlandet av Haram. Øygruppa strekk seg elles frå Vigrafjorden i sør til Harøyfjorden i nord. Berre Skodje og Vestnes har landverts grenser til Haram. Dei andre kommunane er skilde frå Haram ved fjordar og meir eller mindre opne havstykke.

Haram er ein stor fiskerikommune. I dei seinare åra er også havbruk etter kvart kome med som ein betydningsfull del av næringa. Storparten av industrien er maritim og har i meir eller mindre grad hatt sitt utgangspunkt i fiskeria. Av kommunens totale arbeidsstokk er i underkant av 2000 personar sysselsett i industrien. Medan bortimot 80 % av industriarbeidsplassane er tilknytte maritim industri.

Skodje kommune hadde pr. 01.01.95 eit folketal på 3 409. Folketalet auka med 56 personar det siste året. Skodje kommune er ein del av Ålesundsregionen og har eit stort og variert arbeidsmarked som ligg innanfor 30 minutts reiseavstand. Mange innbyggjarar pendlar av den grunn til nabokommunane. Skogbruk og jordbruk er viktige deler av næringslivet i kommunen. Ved sida av dette er det også verksemdar innanfor møbelindustri, plastindustri og trelastlager. Fiske og fiskeoppdrett er au ein viktig del av næringslivet i kommunen.

Ørskog kommune hadde pr. 01.01.95 eit folketal på 2 014 innbyggjarar, og det er ein auke på 25 frå same tidspunkt i fjor. Kommunen ligg sentralt til på nordsida av Storfjorden som eit bindeledd mellom dei ytre kyststroka og dei indre fjordbygdene på nordre Sunnmøre. Tettstaden Sjøholt er kommune- og administrasjonssenter. Herfrå er det vegsamband som fører vidare til Ålesund og austover til Romsdal og Austlandet. Kommunen har på det viset god geografisk beliggenhet og gode kommunikasjonstilhøve. Hovudvekta i næringane ligg innanfor varehandel, service, møbelindustri og bygg og anlegg. Landbruksnæringane er òg ein viktig del av næringslivet og for sysselsetjinga i kommunen. Sjølv om det er berre eit fåtal registrerte fiskarar, er fiske saman med oppdrettssneringa i kommunen viktig for busetjinga.

Vestnes kommune hadde pr. 01.01.95 eit folketal på 6 466, og det er ein auke på 12 innbyggjarar samanlikna med i fjor. Vestnes er ein stor industrikommune der skipsbyggingsindustrien er den dominerande del. Ved sida av dette finst det også berekraftig jordbruksdrift i deler av kommunen. Fiske og fiskeoppdrett inngår også som ein del av næringslivet og spelar ein viktig rolle når det gjeld sysselsetjing og busetjing.

Rauma kommune hadde pr. 01.01.95 eit folketal på 7 720 innbyggjarar, og det er ein auke på 9 frå same tidspunkt i fjor. Rauma kommune er ein av dei største kommunane i fylket med eit areal som nesten er like stort som Vestfold fylke. Men berre 1/7 av arealet er produktiv jord og skog. Resten er for det meste fjellområder. Tettstaden Åndalsnes er kommune- og administrasjonssenter. Herfrå går det jernbane til Austlandet. E 69 går gjennom kommunen, og det er daglege bussforbindelser til Ålesund, Molde og Kristiansund. Til flyplass i Molde er det 1 1/2 times køyring og til flyplass i Ålesund er det ca. 2 timer. Rauma er ein stor jordbrukskommune. Men kommunen har også monalege industriverksemder innanfor konfeksjon, møbel, betongvarer og bygg/anlegg. Service og varehandel er òg ein viktig del av næringslivet i kommunen. Fjordfiske og fiskeoppdrett inngår også som ein del av næringslivet og spelar ein vesentleg rolle når det gjeld sysselsetjing og busetjing.


MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000

TENESTEOMRÅDE - - - - -

HARAM, SKODJE, ØRSKOG,
VESTNES OG RAUMA

7046000
530000



- 5 -

6871000
304000

Trykk: Statens kartverk 4-89



Utgave av Statens kartverk
Fylkeskartkontoret i Møre og Romsdal

2. S A M A N D R A G

Sysselsetting i fisket

Fiskarmanntalet brukes som indikator på sysselsettinga innan fisket. Fiskarar på blad B har fiske eller fangst som hovudyrke, medan fiskarar på blad A har fiske eller fangst som biyrke.

I vårt tenestedistrikt er det registrert ein reduksjon i talet på mantalsførde fiskarar på blad B frå 556 i 1993 til 494 i 1994.

Den markerte reduksjonen, på heile 62 personar, kan forklaras med at det i 1994 vart iverksatt utmelding per 01.04. frå manntalets blad B for personar som ikkje betalte premie til pensjonstrygd for fiskarar eller pensjonstrygd for sjømenn til fastsatt frist.

Om lag 45 % av alle yrkesaktive fiskarar i tenestedistriktet som står på B-lista i manntalet er under 30 år. Den relativt store %-andelen med unge fiskarar tyder på at det enno ikkje er noko snarleg rekrutteringsproblem til fiskeflåten.

Sysselsetting i foredlingsleddet

Siste året var det sysselsatt i alt 133 personar ved foredlingsanlegga, og det utgjer totalt 91 årsverk. Av samla årsverk utgjer kvinnelege arbeidstakarar ca. 44 %.

Sysselsetting i oppdrettsnæringa

Oppdrettsnæringa i distriktet sysselsatte i 1994 i alt 79 personar på heil- og deltid, og det tilsvarear omtrent 59 årsverk. Av samla årsverk i oppdrettsnæringa utgjer kvinnelege arbeidstakarar cirka 13,5 % i meldingsåret.

Fiskeflåten

Det totale talet på merkeregistrerte fiskefartøy i distriktet har ikkje endra seg særleg mykje i meldingsåret. Totalt var det per 31.12. registrert 111 fartøy, medan det i fjor på same tid var 109 fartøy.

Haram: I meldingsåret var det 83 fartøy som sokna til Haram kommune. Dette er 4 fartøy meir samanlikna med i fjor. Tilnærmet 51 % av fiskeflåten i Haram består av fartøy i storleiksgruppa over 10 meter, medan 25 % av fartøya er i gruppa over 30 meter. Desse er alle havgåande fartøy samansett av blant anna: fabrikktrålarar, ferskfisk- og industritrålarar, ringnotfartøy og banklinefartøy (autolinefartøy).

Lønsemda til fiskeflåten har dei siste to åra vore god nok til å sikre ei viss framtidsretta fornying av flåten. I meldingsåret var det m.a. bygd eit nytt kystfiskefartøy på 10,60 meter lengste lengde til utskifting av eit eldre fartøy.

Ved utgangen av året var det dessutan kontrahert enda eit nybygg av same storleiken som førstnemnde fartøy. Fartøyet skal etter planen vere bygd ferdig sommaren 1995. Det skal au erstatte eit eldre fartøy. Desse to fartøya (nybygga) inngår som eit viktig ledd i fornyinga av kystfiskeflåten i tenestedistriktet.

Vidare er det kjøpt ein ganske ny trålar frå Island på 25,95 meter lengste lengde. Fartøyet er bygd i 1990 og skal erstatte den eldre industritrålaren M/S "Brumark", som etter planen skal selges utan konsesjon. Det nye fartøyet vil sjølvstøtt gjera sitt til fornyinga av industritrålarflåten i tenestedistriktet.

Når det gjeld aldersfordelinga viser tabell 4.1.2. at 37 % av fiskeflåten i kommunen (totalt 31 fartøy) er bygd etter 1979.

Haram kommune har ein stor og variert fiskeflåte. Både standard og alderssamansetning har stort sett utvikla seg i positiv retning dei siste 10 åra. Dette skuldast at reiarlaga i kommunen jamt over har vore flinke til å foreta ombygging og modernisering av båtane. Likevel vil det i nærmaste framtid vere behov for ytterlegare fornying av flåten. Og då tenkjer ein her særleg på bygging av nye havgåande båtar. Dette for å ikke verte akterutsegla i konkurransen med andre nasjoner som det er naturleg å samanlikne seg med.

Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma:

Ser ein på fartøyutviklinga i Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma kommuner, finn ein at talet på merkeregistrerte fartøy totalt sett er redusert frå 30 i 1993 til 28 i 1994. Fiskeflåten i desse fire kommunane er hovudsakleg ihopsett av eldre sjarker under 10 meter lengste lengde.

Når det gjeld sjarkflåten har ein som målsetjing å legge forholda til rette for ungdommen sånn at dei også finn det attraktivt å satse på denne fartøygruppa.

Eit viktig satsingsområde innan dei tradisjonelle fiskeria i heile tenestedistriktet må derfor vere både fornying av den havgåande fiskeflåten og sjarkflåten.

Konsesjonsbildet for kommunane

I Haram kommune var det pr. 31.12. registrert i alt 17 konsesjonar. Det er 12 fiskefartøy som har desse konsesjonane. Medan det i fjor til same tid var registrert i alt 19 konsesjonar fordelt på på det same antal fiskefartøy.

Årsaka til reduksjonen i talet på konsesjonar i Haram skuldast inndragning av ein kolmuletråltillatelse og ein lodde-tråltillatelse i meldingsåret. Desse tillatelsene kan ifølgje forskriftene inndrages dersom de i løpet av eit samanhengande tidsrom av to år ikkje er nytta i meir enn to månader.

Dei andre kommunane i distriktet har ikkje fiskekonsesjonar.

Foredlingsleddet

Det er registrert i alt 9 fiskeforedlingsanlegg i meldingsåret. Av disse er 3 anlegg tilknyttet oppdrettsverksemd. Og av dei 9 fiskeforedlingsanlegga i distriktet finns det 7 anlegg i Haram.

Fiskeindustrianlegga omsatte torske-og sildefisk for bortimot 165 mill. kroner i meldingsåret.

Mesteparten av ilandført fiskeråstoff i torskesektoren vert foredla til saltfisk og klippfisk. Noko av råstoffet vert også filetert og fryst ombord i fartøya og deretter eksportert direkte til utlandet.

I sildesektoren vert mesteparten av fiskeråstoffet fryst rund, salta i tønner og eksportert til utlandet. Berre ein liten del av silderåstoffet vert foredla til ferdigvare i distriktet.

Ein av fiskebedriftane i vårt distrikt driv med foredling av krabbe. Bedriften har i år eit innkjøp av råstoff på omlag 55 tonn krabbe, rekna rund vekt. Av råstoffet vert det produsert krabbeskjell - ein delikatesse som det er stor etterspurnad etter på innanlandsmarknaden.

Fisketilvirkerne ser lyst på framtida. Det skuldast i det vesentlege at råstoffsituasjonen har vore rimeleg bra dei siste åra, samt at kapitalkostnadane har vorte mindre. Dette har igjen resultert i optimisme og utbygging av kapasiteten i foredlingsleddet.

Det ligg enno eit vesentleg potensial til auka verdiskaping på fiskeprodukter ved å satse meir på høgare foredlingsgrad i næringsga. Leiarane i foredlingsleddet bør derfor ha som målsetjing å auke bearbeidingsverdien av norske fiskeprodukter, og dermed verdiskapinga.

Dernest kan det vere naturleg å gå over til og si litt om råstoffsituasjonen, - eller fiskeflåtens råstoffleveranser i og utafor fylket.

Råstoffsituasjonen/ilandført kvantum

Tabell 6.1.1. viser kva distriktets fiskeflåte har levert av fangster av dei ulike hovudgrupper av fiskeslag.

I torskesektoren er det i alt levert 37.253 tonn, medan kvantumet i sildesektoren var 35.122 tonn.

Det totale fangstkvantumet av dei ulike hovudgrupper av fiskeslag var 77.815 tonn. Medan den totale førstehandsverdien i fiskeria var på omlag 332,7 millioner kroner.

Hovudparten av total fangstmengde og -verdi skriv seg frå leveranser av fisk frå fartøy heimehøyrande i Haram kommune.

1994 må stort sett kunne karakteriserast som eit godt år for fiskeflåten. Dette gjeld spesielt den konvensjonelle fartøygruppa (banklinefartøya) og torsketrålalarane. Industri(nordsjø)trålarane kan i år òg vise til eit brukbart driftsresultat. Eit unnatak er dei av reketrålalarane som verken har rekekvote ved Grønland eller anna driftsalternativ, samt ein del kystfiskefartøy.

Innan torskesektoren skuldast betringa av driftsresultatet i dei einskilde fartøygrupper først og fremst auka kvoter. I tillegg til dei nasjonale fartøykvoter har nokre reiarlag innan trålarflåten og banklineflåten kjøpt kvoter av torsk og hyse på rot frå Russland.

Når det gjeld kystfiskefartøygruppa fekk dei fleste fartøya problemer med å greie å fiske opp tildelte torskekvoter under vårtorskefisket p.g.a. vêrhindring, til dels uvanlege innsig av torsk m.v. Innsiget av torsk kom ikkje for fullt på dei tradisjonelle torskefelte utafor Mørekyten. På dei felte der innsiget skjedde sto mykje av fisken oppe i sjøen. Dette resulterte i at det var lite fisk å få på garn, medan det var godt fiske på juksa. Tildelinga av ekstrakvoter for kystfiskefartøya i tenestedistriktet skjedde også på eit ugunstig tidspunkt, - då vanligvis tilgjengeleggheten av torsk ikkje er så god på desse kanter av landet.

Fiskeoppdrett

Ved utgangen av 1994 var det i alt 12 oppdrettskonsesjonar for laks og aure i distriktets 5 kommuner, 7 for matfiskeoppdrett og 5 for settefisk.

Alle dei 5 settefiskanlegga i tenestedistriktet hadde produksjon i meldingsåret. Medan det på matfiskanlegga var registrert full produksjon på alle 7 anlegga.

Innhenting av produksjonsdata frå settefiskanleggene (4 anlegg) i tenestedistriktet viser at det totalt er produsert godt over 1,8 mill. stk. settefisk til ein verdi av cirka 18 mill. kroner, jamføre tabell 7.1.3. i årsmeldinga.

Når det gjeld produksjon av settefisk er det gledelig å registrere at etterspurnaden etter smolt/settefisk har auka. Dette har igjen resultert i at salget er gått opp, samt at det har vore ein oppgang i salgsprisen pr. stk. solgt settefisk. Ein annan viktig ting er at gjennomsnittlege produksjonskostnader pr. stk. settefisk er redusert i det same tidsrommet.

Illustrasjonen nedanfor viser produksjon og verdi av laks og ørret i 1994 i fire kommuner i tenestedistriktet, jamføre tabell 7.1.4.

Totalproduksjon laks:	2.739.133 kg	
Totalverdi laks.....:		77.420.530,00 kroner
Totalproduksjon ørret:	192.920 kg	
Totalverdi ørret.....:		5.240.000,00 kroner

Matfiskproduksjonen av laks og aure har auka monaleg frå 1992 til 1994. Dette som følgje av større etterspørsel etter fisk i marknaden.

Etterspørsla etter oppdrettslaks holder seg fortsatt godt oppe, noko som betyr at kjøparane ute i verden framleis er interessert i å kjøpe fisk frå Norge. I tillegg har prisane på oppdrettslaks ikkje vore så verst. Prisane har vore ein del betre i 1994 enn i 1993. Det har jamt over vore betalt godt over 30 kroner kiloen i gjennomsnitt til oppdretter. Med reduksjon i produksjonskostnadane, samt god tilvekst og lite sjukdom, har dette gjeve oppdrettarane ein brukbar fortjeneste i meldingsåret.

Salget av aure går au godt. Produksjonen er inntektsgjevande. Og etter det ein har fått opplyst av aktørar i oppdrettnæringa er det framleis interesse i marknaden for kjøp av aure.

Andre marine fiskearter

Ved utgangen av 1994 var det i alt registrert 5 konsesjonar for oppdrett av andre marine fiskearter enn laks og aure. Det er 3 konsesjonar (8.600 kbm.) mindre samanlikna med i fjor.

Samla oppdrettsvolum var på 13.000 kbm. 4 av dei 5 anlegga var i drift i meldingsåret, 1 anlegg som driv med oppdrett av kveite, 1 anlegg for oppdrett av kveite/piggvar og 2 anlegg for oppdrett av torsk.

Reduksjonen i talet på oppdrettsanlegg skuldast avvikling av anlegg og inndraging av konsesjon på grunn av manglande aktivitet.

Oppdrett av andre marine fiskearter har hittil ikkje gjeve anlegga den innteninga som ein hadde forventa. Dermed kan ein au rekne med at nokre av anlegga som no er i drift vil bli tvungne til å leggje ned verksemda på grunn av svak innteningsevne.

Trass i dette registrerer ein stor interesse i næringa når det gjeld oppdrett av kveite. Og ein har god tru på at det er framtid i kveiteoppdrett, - sjølv om produksjonen av kveite per i dag er på eit spartansk nivå samanlikna med laks.

Skaldyr

Når det gjeld oppdrett av skaldyr (østers) var det i alt registrert 5 konsesjonar. Medan det i fjor og i forfjor var registrert hhv 7 og 13 konsesjonar. Årsaken til reduksjonen i talet på skjelldyrkingsanlegg er i det vesentlege inndraging av konsesjonar på grunn av manglande aktivitet/produksjon, samt nedlagte anlegg.

I meldingsåret har det ikkje vore hausta inn østers frå anlegga, etter det ein har kjennskap til, og det er hittil heller ikkje sett ut nytt parti med østersyngel i området.

Det er ikkje registrert leveranser av noko større mengd dyrka skjel for salg, og det er ikkje særleg stort håp om at denne forma for havbruk vil ekspandere i næraste framtid. Undersøkingar blant skjeldyrkarane i tenestedistriktet syner at det framleis er fleire anlegg som er under avvikling. Viktigste årsak til det er problemer med å få lønsemd av verksemda. Difor er det rimeleg grunn å tru at inndraging av konsesjonar innan skaldyroppdrett vil halde fram i 1995.

Kystsoneplanlegging

I dei fleste kommunane i dette tenestedistriktet er ein i meir eller mindre grad igang med arealplanlegging i kystsona. Dette skjer vanlegvis i samband med utarbeiding av kommuneplan, og der ein kystsoneplan vert inkorporert som ein delplan til kommuneplanen. Rauma og Vestnes kommuner er komme lengst i arbeidet med arealplanlegginga i sjøområda. Planene i desse to kommunane er fullført, men dei er per dags dato ikkje vedtatt i kommunestyret.

Fiskerihammesaker

Siste byggetrinn for Austnes fiskerihamn var gjort ferdig før årsskiftet 1992/93.

Frå Kystverket si side reknast no utbygginga av Austnes fiskerihamn som fullført. Hamna er etter siste utbyggingstrinn godt tenleg til fiskeriformål. Men på grunn av liten fiskeritaktivitet i området er hamna hittil lite brukt av fiskebåtar.

Av større fiskerihammesaker er det no utbygging av fiskerikai på Fjørtoft som står for tur. Det er imidlertid usikkert når tid Kystverket skal setja i gang med dette utbyggingsprosjektet.

Utbygging av fiskerikai er viktig for å halde oppe og utvikle vidare fiskerimiljøet på Fjørtoft. Difor bør ein ha som målsetjing å setja i gang den planlagte utbygginga av fiskerikai så snart som mogleg.

Samarbeidstiltak

Med bakgrunn i eit initiativ frå Norges Fiskarlag, blei det i august 1992 starta opp med prosjektet "Samdriftskontor for fiskarar". Meininga med prosjektet var å etablere samdriftskontor mellom fleire fartøy for å ivareta og styrke den administrative delen av drifta til reiarlaga, i første rekkje hos kystfiskefartøy.

Men undersøkingar viser at det er liten interesse blant fiskarane for etablering av samdriftskontor. Ein årsak til det kan vere at fiskarane i tenestedistriktet bruker eksisterande regnskapskontor. Og det er allereie etablert eit ganske godt tilbod innanfor dette arbeidsfeltet, - både for kyst- og havfiskeflåten. Nokre av reiarlaga innanfor havfiskeflåten har også etablert sine egne administrasjonsavdelingar.

Sikkerhetsopplæring for fiskarar

I meldingsåret er det arrangert eitt sikkerhetskurs for fiskarar. Kurset vart avvikla i Søvik i veke 12 med berre 7 deltakarar. Dette må ein kalla svak deltaking tatt i betraktning av at det ombord i kursfartøya kan delta opp til 24 personar på kvart kurs.

Ein annan form for "sikkerhetsopplæring for fiskarar" går føre seg ved rettleiarkontoret. Det skjer ved spreing av informasjon om sikkerhetsmessige krav for registrerte fiskefartøy og utdeling av stabilitets-plakatar til fartøyeigarar.

Fiskeriutdanning

Det er ikkje oppretta tilbod om fiskeriutdanning korkje i ungdomsskulen eller i den vidaregåande skulen i dette tenestedistriktet. Men gjennom Fagopplæringskontoret i Møre og Romsdal er ein blitt orientert om etablering av fagutdanning for fiskarar. Frå 1993 kunne vante fiskarar i fylket begynne på teoridelen (yrkeslære kurs) til fagprøven. Dette er såkalla paragraf 20 kurs etablert med heimel i paragraf 20 i "Lov om fagopplæring i arbeidslivet". Kurset er på 456 timer, og dei er lagt til vidaregåande skular i distrikter som har fiskerifaglege studieretningar.

Siste nytt innanfor fagutdanning for fiskarar er igangsetting av 40 timers praksiskurs i grunnpraksis for fiskeindustrifaget. Kurset er meint å vere for kandidater som har godkjent yrkest teori for fagprøven, men som mangler deler av praksiskravet for påmelding.

Men trass i etableringa av undervisningstilbodet vart det ikkje avvikla "kurs for fiskarar" korkje i 1993 eller 1994. Dette på grunn av at det var påmeldt for få kursdeltakarar.

Ein trur likevel at interessen for fagutdanning for fiskarar vil auke etter kvart som undervisningstilbodet vert betre kjent ute blant aktørane innan næringa. Utviklinga innan fiskerinæringa tyder på at det au vil bli stilt auka krav til formell kompetanse for fiskarar, - på same måte som det vert gjort til arbeidstakarar i fiskeindustrien på land. Det vert derfor viktig at ein held fram med spreing av informasjon om kurstilbodet. Men ikkje minst, er det viktig at myndigheita set igang tiltak for å leggje til rette for rekruttering til fiskaryrket gjennom utdanning.

3. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA

3.1. Syssselsetting i fisket

Fiskarmanntalet brukes som indikator på syssselsettinga innan fisket. Fiskarmanntalet omfatter personar som driv sjøfiske, kval- eller selfangst. Medrekna er også mannskap på fiskebåtar sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, t.d. stuertar, maskinistar m.v.

Reglane for oppsett av fiskarmanntalet er endra etter lov av 11.juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa. Forskrifter fastsatt 26. september 1983 av Fiskeridepartementet set bestemte krav til tid i fiske og til minimum inntekt frå fiske.

Manntalet skal vere organisert i to deler, blad A og blad B. Blad A skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som biyrke. Blad B skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som hovudyrke.

Fiskarmanntalet

I nedanståande tabeller er fiskarmanntalet oppsett for kvar kommune i rettleiardistriktet og syner manntalsførde fiskarar fordelt på aldersgrupper og fiske eller fangst som levevei i tidsrommet 1992 til 1994. Tala referer til 31.12. kvart år.

Tabell 3.1.1.: Fiskarmanntalet i Haram kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1992 til 1994.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
92	Blad A			1	1	5	26	42	75
	Blad B	32	142	80	58	47	21	1	381
	Totalt	32	142	81	59	52	47	43	456
93	Blad A					2	30	48	80
	Blad B	29	125	70	56	48	19		347
	Totalt	29	125	70	56	50	49	48	427
94	Blad A					2	30	50	82
	Blad B	15	116	66	55	47	17		316
	Totalt	15	116	66	55	49	47	50	398

Kommentarer

Som det går fram av tabell 3.1.1. har det i Haram kommune vore ein reduksjon i talet på manntalsførde fiskarar på blad B dei to siste åra. Reduksjonen var på i alt 31 personar i meldingsåret og 34 personar førre år. Talet på fiskarar på blad A har halde seg ganske stabilt dei par-tre siste åra. Av det totale talet på fiskarar registrert på blad B pr. 31.12.94 er 41,4% under 30 år, medan det i fjor på same tid var 44,4% i denne aldersgruppa.

Tabell 3.1.2.: Fiskarmanntalet i Skodje kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1992 til 1994.

År Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
92 Blad A					1	1	2	4
Blad B	1	17	9	8	5	1		41
Totalt	1	17	9	8	6	2	2	45
93 Blad A					1	2	2	5
Blad B	2	22	10	9	5			48
Totalt	2	22	10	9	6	2	2	53
94 Blad A				1	1	2	2	6
Blad B	3	16	10	6	3	2		40
Totalt	3	16	10	7	4	4	2	46

I Skodje kommune minka talet på manntalsførde fiskarar på B-lista frå 48 til 40 i perioden 1993 til 1994. Og talet på fiskarar i kommunen er no på omtrent same nivå som det var i 1992. Av alle manntalsførde fiskarar på B-lista i 1994 er 47.5 % under 30 år, medan det i fjor på same tid var 50 %.

Tabell 3.1.3.: Fiskarmanntalet i Vestnes kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1992 til 1994.

År Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
92 Blad A			1		1	6	2	10
Blad B	16	73	33	9	5	2		138
Totalt	16	73	34	9	6	8	2	148
93 Blad A			1			7	2	10
Blad B	10	66	31	8	6	3		124
Totalt	10	66	32	8	6	10	2	134
94 Blad A			1		1	5	3	10
Blad B	1	59	36	10	4	3		113
Totalt	1	59	37	10	5	8	3	123

Talet på registrerte fiskarar på B-lista i Vestnes er redusert dei to siste åra. I meldingsåret var reduksjonen på 11 personar, medan reduksjonen førre året var på 14 personar. Når det gjeld fiskarar registrert i B-manntalet utgjorde aldersgruppa under 30 år 53 % i meldingsåret. Prosent-talet var i fjor cirka 61%.

Tabell 3.1.4.: Fiskarmanntalet i Rauma kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1992 til 1994.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
92	Blad A					1	2		3
	Blad B	1	19	5	2	1			28
	Totalt	1	19	5	2	2	2		31
93	Blad A				1				1
	Blad B		19	5	2	2	1		29
	Totalt		19	5	3	2	1		30
94	Blad A					1			1
	Blad B	1	9	4	1	1			16
	Totalt	1	9	4	1	2			17

I Rauma kommune er talet på manntalsførde fiskarar på B-lista redusert frå 29 til 16 i perioden 1993 - 1994. Aldersgruppa under 30 år utgjorde 62,5 % i meldingsåret, medan dette prosent-talet i fjor var 65,5%.

I Ørskog kommune er det registrert i alt 10 manntalsførde fiskarar i meldingsåret, herav 9 personar på B-lista. Aldersgruppa under 30 år utgjorde 33,3%. Talet på fiskarar har halde seg ganske stabilt.

3.2. Sysselsetting i foredlingsleddet

Tabell 3.2.1.: Sysselsetting i foredlingsleddet 1991 - 1994.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
91	40	24	64	20	41	61	44	40	84
92	39	24	63	20	41	61	42	39	81
93	46	25	71	20	42	62	51	38.5	90
94	46	25	71	20	42	62	51	40	91

I begrepet heltidstilsette regnes personar som er i arbeid ved eit av kommunens foredlingsanlegg i minst 10 mnd. pr. år. Arbeidsfritt som fylgje av produksjonsstopp regnes ikkje som fradrag i denne samanheng

Siste året er det 9 foredlingsanlegg som har vore i drift, 7 anlegg i Haram, 1 anlegg i Ørskog og 1 anlegg i Skodje.

Sysselsettinga innan foredlingsleddet utgjer i alt 91 årsverk. Av samla årsverk i foredlingsleddet utgjer kvinnelege arbeidstakarar ca. 44 % i meldingsåret. Talet på sysselsatte er likt med det som var i fjor på same tid.

3.3. Sysselsetting i oppdrettsnæringa

Tabell 3.3.1.: Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Haram, Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma i perioden 1988 - 1994.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
88	22		22	17	17	34	26	5	31
89	21		21	12	17	29	24	7	31
90	26		26	17	17	34	32	9	41
91	28		28	18	21	39	36	10	46
92	48	1	49	20	22	42	58	11	69 *
93	46	1	47	20	21	41	56.5	11	67
94	50	6	56	10	13	23	51	8	59

*) Aukinga i talet på sysselsatte i oppdrettsnæringa i 1992 skuldast i det vesentlege at Rauma kommune vart innlemma i tenestedistriktet dette året.

Oppdrettsnæringa i dette distriktet sysselsatte i 1994 i alt 79 personar på heil- og deltid, og det tilsvarer omtrent 59 årsverk.

Av samla årsverk i oppdrettsnæringa utgjer kvinnelege arbeidstakarar 13,5 % i meldingsåret, medan det var 16% i fjor.

Reduksjonen i talet på sysselsatte i oppdrettsnæringa skuldast i det vesentlege at eit anlegg har flytta ut av tenestedistriktet i meldingsåret, samt avvikling av to anlegg p.g.a. konkurs. I tillegg har det gått føre seg betydeleg rasjonalisering i ein del av anlegga.

4. FISKEFLÅTEN

4.1. Merkeregisteret

Tabell 4.1.1.: Merkereregisteret pr. 31.12.94 i Haram.

Antal fartøy				
Lengde i meter	Status 01.01.	Avgang	Tilgang	Status 31.12.
0,00 - 4,99	1	1	0	0
5,00 - 9,99	39	4	6	41
10,00 - 14,99	17	0	2	19
15,00 - 19,99	2	0	0	2
20,00 - 29,99	0	0	0	0
30,00 - over	20	0	1	21
Totalt	79	5	9	83

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Tabell 4.1.2.: Fiskeflåten i Haram - aldersfordeling.

Byggeår							
Lengde i meter	Totalt	00-49	50-59	60-69	70-79	Et.79	Uoppgitt
0,00 - 4,99	0	0	0	0	0	0	0
5,00 - 9,99	41	0	4	1	18	17	1
10,00 - 14,99	19	5	2	0	5	6	1
15,00 - 19,99	2	0	1	0	0	1	0
20,00 - 29,99	0	0	0	0	0	0	0
30,00 - over	21	0	0	5	9	7	0
Totalt	83	5	7	6	32	31	2

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Kommentarer til fartøyutviklinga

Talet på merkeregistrerte fiskefartøy i distriktet har ikkje endra seg særleg mykje i meldingsåret. Totalt var det per 31.12. registrert 111 fartøy, medan det i fjor på same tid var 109 fartøy. I meldingsåret var det 83 fartøy som sokna til Haram kommune.

I neste avsnitt skal vi fokusere litt meir på utviklinga innan fiskeflåten i dei einskilte kommunane i tenestedistriktet. I den samanheng kan det vere interessant å sjå både på utviklinga i talet på fartøy, samt aldersstrukturen på fartøya i fiskeflåten.

Haram:

Som det framgår av tabell 4.1.1. er det i Haram kommune per 31.12.94 registrert i alt 83 fartøy. Dette er 4 fartøy meir samanlikna med i fjor.

Tilnærmet 51 % av fiskeflåten i Haram består av fartøy i storleiksgruppa over 10 meter, medan 25 % av fartøya er i gruppa over 30 meter. Desse er alle havgåande fartøy samansett av bl.a: fabrikktrålarar, ferskfisk- og industritrålarar, ringnotfartøy og banklinefartøy (autolinefartøy).

I meldingsåret var det bygd eit nytt kystfiskefartøy på 10,60 meter lengste lengde til utskifting av eit eldre fartøy. Ved utgangen av året var det dessutan kontrahert enda eit nybygg av same storleiken som førstnemnde fartøy. Fartøyet skal etter planen vere bygd ferdig sommaren 1995. Det skal au erstatte eit eldre fartøy. Desse to fartøya (nybygga) inngår som eit viktig ledd i fornyinga av kystfiskeflåten i tenestedistriktet.

Vidare er det kjøpt ein ganske ny trålar frå Island på 25,95 meter lengste lengde. Fartøyet er bygd i 1990 og skal erstatte den eldre industritrålaren M/S "Brumark", som etter planen skal selges utan konsesjon. Det nye fartøyet vil sjølvsagt gjera sitt til fornyinga av industritrålarflåten i tenestedistriktet.

Aldersstrukturen på fartøya i fiskeflåten har nær samanheng med lønsemda til fartøya. Eller sagt på ein annan måte: "Lønsemda til fartøygruppene er avgjerande for ei framtidig fornying av fiskeflåten." Det er derfor ikkje tvil om at økonomien til fiskefartøyene har betra seg vesentleg dei to siste åra. Og det er von om at denne trenden vil halda fram slik at ytterlegare fornying av flåten kan skje i framtida.

Når det gjeld aldersfordelinga, viser tabell 4.1.2. at 37 % av fiskeflåten i kommunen (totalt 31 fartøy) er bygd etter 1979, og det er ein auke i denne aldersgruppa på 2 % samanlikna med året før.

Av i alt 21 fartøy i storleiksgruppa over 30 meter, finn ein at 7 fartøy er bygd etter 1979. Dette tilsvarear 33,3 % av fartøya i denne storleiksgruppa. Det er litt lågare %-tal enn i fjor.

Haram kommune har ein stor og variert fiskeflåte. Både standard og alderssamansetning har stort sett utvikla seg i positiv retning dei siste 10 åra. Dette skuldast at reiarlaga i kommunen jamt over har vore flinke til å foreta ombygging og modernisering av båtane. Likevel vil det i nærmaste framtid vere behov for ytterlegare fornying av flåten. Og då tenkjer ein her særleg på bygging av nye havgåande båtar. Dette for å ikke verte akterutsegla i konkurransen med andre nasjoner som det er naturleg å samanlikne seg med.

Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma:

Ser ein på fartøyutviklinga i Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma kommuner, finn ein at talet på merkeregistrerte fartøy totalt sett er redusert frå 30 i 1993 til 28 i 1994.

I Skodje var det pr. 31.12. registrert i alt 8 fartøy. Dette er 1 fartøy mindre enn året før. Berre eitt av fartøya var over 10 meter lengste lengde. To av fartøya var bygd etter 1979.

I Ørskog var det pr. 31.12. i alt 2 merkeregistrerte fartøy. Det er eitt fartøy meir enn året før. Auken skuldast kjøp av eit eldre fartøy i storleiksgruppa 10,0 - 14,9 meter med fartøykvote. Eitt av fartøya var bygd etter 1979.

I Vestnes var det pr. 31.12. registrert i alt 13 fartøy. Det er ein reduksjon på 2 fartøy samanlikna med året før. 11 fartøy var under 10 meter lengste lengde. 6 fartøy (46%) var bygd etter 1979.

I Rauma var det pr. 31.12. registrert i alt 5 fartøy, og det er det same som året før. Alle fartøya var under 10 meter lengste lengde, og 2 fartøy (40%) var bygd etter 1979.

Når det gjeld sjarkflåten har ein som målsetjing å legge forholda til rette for ungdomen sånn at dei også finn det attraktivt å satse på denne fartøygruppa.

Eit viktig satsingsområde innan dei tradisjonelle fiskeria i heile tenestedistriktet må derfor vere både fornying av den havgåande fiskeflåten og sjarkflåten.

4.2. Konsesjonsbildet for kommunane

Tabell 4.2.1.: Kommunevis fordeling av konsesjonar og fiskeløyve i distriktet pr. 31.12.94.
Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Kommune	TORS	VASS	INDU	REKE	RING	LODD	KOLM	SNUR	BRIS	NSJØ	SUM
Haram	4	2		2	3	1	2			3	17
Skodje											
Ørskog											
Vestnes											
Rauma											
Totalt	4	2		2	3	1	2			3	17

TORS: Torsketrålkonsesjon
VASS: Løyve til å drive trålfiske etter vassild
INDU: Industritrålkonsesjon
LODD: Løyve til trålfiske etter lodde og polartorsk
KOLM: Løyve til avgrensa tråling etter kolmule
REKE: Rekekonsesjon
RING: Ringnotkonsesjon
BRIS: Brislingløyve
SNUR: Snurrevad
NSJØ: Nordsjøtrålkonsesjon

Kommentarer til konsesjonane

Av tabell 4.2.1. ser ein at i Haram kommune var det pr. 31.12. registrert i alt 17 konsesjonar. Det er 12 fiskefartøy som har desse konsesjonane. Medan det i fjor til same tid var registrert i alt 19 konsesjonar fordelt på det same antal fiskefartøy.

Årsaka til reduksjonen i talet på konsesjonar i Haram skuldast inndragning av ein kolmuletråltillatelse og ein lodde-tråltillatelse i meldingsåret. Desse tillatelsene kan ifølgje forskriftene inndrages dersom de i løpet av eit samanhengande tidsrom av to år ikkje er nytta i meir enn to månader.

Dei øvrige kommunane i tenestedistriktet har ikkje fiskekonsesjonar.

5. FOREDLINGSLEDDET

5.1. Fiskebedriftene

Tabell 5.1.1.: Antal tilverkningsverksemder (landanlegg) pr. 31.12.94.

Kommune	Total	Fersk- fisk pakking	Filet Frys	Tørr- fisk	Salt- fisk	Klipp- fisk	Røyking	Silde- salting
Haram	7(8)	5	7	4	6(7)	3(4)	1	2
Skodje	1	1	1	-	-	-	-	-
Ørskog	1	1	1	-	-	-	1	-
Vestnes	-	-	-	-	-	-	-	-
Rauma	-	-	-	-	-	-	-	-
I alt	9(10)	7	9	4	6(7)	3(4)	2	2

() Parantes angir tal på anlegg per 31.12.93.

Tabell 5.1.1. syner talet på tilverkningsverksemder og dei vanlegaste produksjonsformer i distriktet.

Det er registrert i alt 9 fiskeforedlingsanlegg i meldingsåret. Av desse er 3 anlegg tilknytt oppdrettsverksemd. Av tabellen kan ein elles sjå at av dei 9 fiskeforedlingsanlegga i distriktet finns det 7 anlegg i Haram.

Bedriftene i distriktet er lokalisert slik:

Brattvåg: Rognes Fisk, adr. Brattvåg
Gjendemsjø Marketing A/S, adr. Brattvåg
Hellandshamn: Vestre Seafood A/S, adr. Brattvåg
Grytestranda: Grytestranda Fiskeindustri A/S, adr. Vatne
Ingolf Engeset A/S, adr. Vatne
Fjørtoft: Arne O. Fjørtoft, adr. Fjørtoft
Flemsøy: Karsten Flem A/S, adr. Longva
Stette i Skodje: Stettefisk A/S, adr. Skodje
Sjøholt i Ørskog: Sunnmøre Røykeri A/S, adr. Sjøholt

5.2. Råstoff, produksjon

Fiskeindustrianlegga omsatte torske-og sildefisk, krabbe og annet fiskeslag for cirka 165 mill. kroner i meldingsåret.

Tabell 5.2.1. på neste side viser totalt produksjonskvantum fordelt etter hovudgrupper av fiskeslag ved fiskeindustrianlegga i tenestedistriktet.

Tabell 5.2.1.: Produksjonskvantum i fiskeindustrien året 1994
fordelt etter hovudgrupper av fiskeslag.

Totalproduksjon torskedefisk sløyet og kappet:	7.450 tonn
- " - sildefisk rund vekt :	10.200 tonn
- " - skaldyr rund vekt :	55 tonn
- " - annet sløyet med hode :	100 tonn

Sum 17.805 tonn
=====

Kjelde: Fiskerirettleiaren i Haram kommune m.fl.

Mesteparten av ilandført fiskeråstoff i torskesektoren vert foredla til saltfisk og klippfisk. Noko av råstoffet vert også filetert og fryst ombord i fartøya og deretter eksportert direkte til utlandet. Den fangsten som er levert direkte til utenlandsk hamn er i mellomtida ikkje teke med i tabellen ovanfor.

I sildesektoren vert mesteparten av fiskeråstoffet fryst rund, salta i tønner og eksportert til utlandet. Berre ein liten del av silderåstoffet vert foredla til ferdigvare i distriktet.

Ein av fiskebedriftane i vårt distrikt driv med foredling av krabbe. Bedriften har i år eit innkjøp av råstoff på omlag 55 tonn krabbe, rekna rund vekt. Av råstoffet vert det produsert krabbeskjell - ein delikatesse som det er stor etterspurnad etter på innanlandsmarknaden.

Fisketilvirkerne ser lyst på framtida. Det skuldast i det vesentlege at råstoffsituasjonen har vore rimeleg bra dei siste åra, samt at kapitalkostnadane har vorte mindre. Dette har igjen resultert i optimisme og utbygging av kapasiteten i foredlingsleddet.

Det ligg enno eit vesentleg potensial til auka verdiskaping på fiskeprodukter ved å satse meir på høgare foredlingsgrad i næringsga. Leiarane i foredlingsleddet bør derfor ha som målsetjing å auke bearbeidingsverdien av norske fiskeprodukter, og dermed verdiskapinga.

Dernest kan det vere naturleg å gå over til og si litt om råstoffsituasjonen, - eller fiskeflåtens råstoffleveranser i og utafor fylket.

6. RÅSTOFFSITUASJONEN/ILANDFØRT KVANTUM

6.1. Fiskeflåtens leveringar

Tabell 6.1.1.: Fangstmengde og -verdi etter hovudgrupper av fiskeslag innan fiskeria i 1994.

Fiskeslag	Kvantum tonn rundvekt	Verdi 1000 kr.
Toskeartet fisk	37.253	226.183
Sild, brisling	9.811	17.551
Makrell, lodde m.v.	25.311	28.223
Reker	1.201	23.793
Annet	4.239	36.971
Totalt	77.815	332.721

Tabell 6.1.1. viser kva distriktets fiskeflåte har levert av fangster av dei ulike hovudgrupper av fiskeslag.

I torskesektoren er det i alt levert 37.253 tonn, medan kvantumet i sildesektoren var 35.122 tonn.

Det totale fangstkvantumet av dei ulike hovudgrupper av fiskeslag var 77.815 tonn. Medan den totale førstehandsverdien i fiskeria var på omlag 332,7 millioner kroner.

Hovudparten av total fangstmengde og -verdi skriv seg frå leveranser av fisk frå fartøy heimehøyrande i Haram kommune.

6.2. Utviklingstrekk

1994 må stort sett kunne karakteriserast som eit godt år for fiskeflåten. Dette gjeld spesielt den konvensjonelle fartøygruppa (banklinefartøya) og torsketrålarane. Industri(nordsjø)trålarane kan i år òg vise til eit brukbart driftsresultat. Eit unnatak er dei av reketrålarane som verken har rekekvote ved Grønland eller anna driftsalternativ, samt ein del kystfiskefartøy.


Innan torskesektoren skuldast betringa av driftsresultatet i dei einskilde fartøygrupper først og fremst auka kvoter.

I tillegg til dei nasjonale fartøykvoter har nokre reiarlag innan trålarflåten og banklineflåten kjøpt kvoter av torsk og hyse på rot frå Russland.

Når det gjeld kystfiskefartøygruppa fekk dei fleste fartøya problemer med å greie å fiske opp tildelte torskekvoter under vårtorskefisket p.g.a. vêrhindring, til dels uvanlege innsig av torsk m.v. Innsiget av torsk kom ikkje for fullt på dei tradisjonelle torskefelta utafor Mørrekysten. På dei felta der innsiget skjedde sto mykje av fisken oppe i sjøen. Dette resulterte i at det var lite fisk å få på garn, medan det var godt fiske på juksa. Tildelinga av ekstrakvoter for kystfiskefartøya i tenestestedistriktet skjedde også på eit ugunstig tidspunkt, - då vanligvis tilgjengelegheten av torsk ikkje er så god på desse kanter av landet.

Figur 6.2.1. nedanfor viser prisutviklinga for hodekappet og sløyet torsk for fartøy frå Sunnmøre og Romsdal levert gjennom ulike fiskesalslag i 1994.

Figur 6.2.1.: Prisutvikling for kappet og sløyet torsk i 1994. Gjennomsnittspris fartøy frå Sunnmøre og Romsdal.



Kjelde: Fiskerisjefen i Møre og Romsdal.

Figuren viser at i hovudsesongen frå februar til mai ligg prisane vesentleg høgare for fangster levert gjennom Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (SR), enn prisane for fangster levert gjennom Vest-Norges Fiskesalslag (VN) og Råfisklaget (RÅ). Ellers kan ein lese av figuren markante variasjoner i prisnivået for fangster levert gjennom SR og VN. I desember månaden ligg prisnivået for fangster levert gjennom Sunnmøre og Romsdal fiskesalslag godt over dei andre salslaga.

Innan sildesektoren har det også vore ei positiv utvikling. Ved auka kvoter og moglegheit for fangst innan fleire av fiskeria (lodde, sild, makrell m.v.), vart det jamt over eit godt år for ringnotfartøya .

Konsesjonspliktige reketrålfartøy med rekekvote ved Grønland har hatt eit brukbart driftsresultat trass i at prisnivået på reker ikkje har vore det beste i år, spesielt på industrireker har det vore eit lågt prisnivå. Men betringa i driftsresultatet skuldast hovudsakleg auka fangstkvantum, - ved at det jamt over har vore eit godt rekefiske i farvatna ved Grønland og Flemish Cap.

Fiske etter reker med trålfartøy som verken har rekekvote ved Grønland eller andre driftsalternativ har ikkje gjeve fartøya det store grunnlag for å tene pengar. Vanskelege driftsforhold i vinter med blant anna sprengkulde i farvatnet ved Svalbard må nok ta ein del av skulda for den låge innteningsevna for desse fartøya.

Industrietrålarane har også hatt eit bra driftsresultat med jamt over god kvantumstilgang på seiråstoff.

Men sjølv om det finns unnatak og variasjoner m.o.t. lønsemda innanfor dei ulike fartøygruppene, må ein likevel beteikna utviklinga i fiskeflåten som positiv i meldingsåret.

Ein annan viktig ting som gjer at fartøya kjem ut med eit rimeleg bra driftsresultatet, kan tilskrivast nedgangen i rentekostnader. Dette gjeld då særleg fartøy med store banklån.

7. FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR

7.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)

Tabell 7.1.1.: Matfiskkonsesjonar pr. 31.12.94.

Kommune	Antal	Oppdrettsvolum (m3)	Endring i oppdrettsvolum frå 01.01.94 til 31.12.94
Haram	4	48.000	-
Skodje	1	12.000	-14.000
Ørskog	1	12.000	-
Vestnes	0	-	-
Rauma	1	12.000	-
Totalt	7	84.000	-14.000

Tabell 7.1.2.: Konsesjonar for settefisk (smolt) pr. 31.12.94.

Kommune	Antal	Kapasitet settefisk x 1000 stk.	Endring 1000 stk. frå 01.01.94 til 31.12.94
Haram	1	500	- 15
Skodje	0	-	-150
Ørskog	0	-	-
Vestnes	1	1.000	-
Rauma	3	1.400	-
Totalt	5	2.900	-165

Kommentarer

Tabell 7.1.1. viser at oppdrettsvolumet for matfiskoppdrett er redusert med 14.000 kbm i meldingsåret. Årsaken er at det frå 1994 er flytta ein matfiskkonsesjon frå Skodje til Ålesund kommune.

På grunn av to-årsfristen i konsesjonsvilkåra (om igangsetting av verksemda) er to settefiskanlegg sletta i konsesjonsregisteret i meldingsåret. Dermed vart det ein reduksjon i settefiskkapasiteten på 165.000 stk. settefisk. Det er vist i tabell 7.1.2.

I tillegg til ovannemnte mat- og settefiskanlegg er det i Rauma kommune i drift 2 stamfiskanlegg med oppdrettsvolum på i alt 1050 kbm. Det eine av desse (50 kbm) er tilknytta Direktoratet for naturforvaltning i Trondheim.

Ved utgangen av 1994 var det i alt 12 oppdrettskonsesjonar for laks og aure i distriktets 5 kommuner, 7 for matfiskoppdrett og 5 for settefisk.

Desse konsesjonane er lokalisert slik:

Matfisk:

- Haram: 1. Vestrefjord Fisk A/S, Medøya og Skosteinbukta, Haram kommune og Rekdal, Vestnes kommune.
 2. A/S Sølvfisk, Longvafjorden, Håneset, Austnes, Haram kommune.
 3. A/S Gladlaks, Bratteberget, Rogne, Haram kommune og Eggløysa, Sandøy kommune.
 4. Bio A/S, Bratteberget, Rogne, Austnes, Haram kommune.
 Skodje: 5. Marius Eikremsvik A/S, Gudmundset, Bytingsneset, Skodje kommune.
 Ørskog: 6. Oppdrettslaks A/S, Apalset, Lisetvik, Ørskog kommune, v/Gjerset i Grytafj. i Haram kommune.
 Rauma: 7. Rauma Laks A/S, Sandnes, Lybergsvikbukta, Hunnesbukta, Rauma kommune.

Settefisk:

- Haram: 1. Vestrefjord Fisk A/S, Vestrefjorden, v/Eik
 Vestnes: 2. Sætre Settefisk A/S, Tresfjorden, v/Daugstad
 Rauma: 3. Rauma Settefisk A/S, Vågstranda, v/Reistad
 4. Hjelvik Settefisk A/S, Hjelvikbukta, v/Hjelvik
 5. Hamre Settefisk A/S, Rødvenfjorden, v/Hamre

Alle dei 5 settefiskanlegga i tenestedistriktet hadde produksjon i meldingsåret. Medan det på matfiskanlegga var registrert full produksjon på alle 7 anlegga.

Lønsemda i oppdrettsnæringa(laks og aure) har forbetra seg monaleg frå 1992 til 1994.

Tabell 7.1.3.: Produksjon og verdi av settefisk i 1994, fordelt på kommuner i tenestedistriktet. Kvantum i 1 000 stk. og verdi 1 000 kr.

Kommune	Antall anlegg	Yngel		0 - 2-åring		Total	
		stk	kr	stk	kr	stk	kr
Haram	-	0	0	342	3 789	342	3 789
Rauma	-	390	780	1 100	13 450	1 490	14 230
Sum	4	390	780	1 442	17 239	1 832	18 019

Kjelde: Fiskerirettleiaren i Haram kommune m.fl.

Tabellen ovanfor viser produksjonsdata frå fire settefiskanlegg i to kommuner i tenestestedistriktet i 1994. Ein kommune er utelate i tabellen då det ikkje har vore mogleg å få tak i data derifrå.

Når det gjeld produksjon av settefisk er det gledelig å registrere at etterspurnaden etter smolt/settefisk har auka. Dette har igjen resultert i at salget er gått opp, samt at det har vore ein oppgang i salgsprisen pr. stk. solgt settefisk. Ein annan viktig ting er at gjennomsnittlege produksjonskostnader pr. stk. settefisk er redusert i det same tidsrommet.

Matfiskproduksjonen for fire kommuner i tenestestedistriktet er illustrert i tabellen under.

Tabell 7.1.4.: Produksjon og verdi av laks og ørret 1994, fordelt på kommuner i tenestestedistriktet.

Kommune	Antall anlegg	Rund laks		Rund ørret	
		kilo	kroner	kilo	kroner
Haram	4	1.855.095	53.568.876,00	117.920	3.576.000,00
Rauma	1	143.000	3.676.000,00	75.000	1.664.000,00
Skodje	1	540.100	13.900.000,00		
Ørskog	1	200.938	6.275.654,00		
Sum	7	2.739.133	77.420.530,00	192.920	5.240.000,00

Totalproduksjon laks: 2.739.133 kg
 Totalverdi laks.....: 77.420.530,00 kroner
 Totalproduksjon ørret: 192.920 kg
 Totalverdi ørret.....: 5.240.000,00 kroner

Matfiskproduksjonen av laks og aure har auka monaleg frå 1992 til 1994. Dette som følgje av større etterspørsel etter fisk i marknaden.

Etterspørsla etter oppdrettslaks holder seg fortsatt godt oppe, noko som betyr at kjøparane ute i verden framleis er interessert i å kjøpe fisk frå Norge. I tillegg har prisane på oppdrettslaks ikkje vore så verst. Prisane har vore ein del betre i 1994 enn i 1993. Det har jamt over vore betalt godt over 30 kroner kiloen i gjennomsnitt til oppdretter. Med reduksjon i produksjonskostnadane, samt god tilvekst og lite sjukdom, har dette gjeve oppdrettarane ein brukbar fortjeneste i meldingsåret.

Salget av aure går au godt. Produksjonen er inntektsgjevande. Og etter det ein har fått opplyst av aktørar i oppdrettnæringa er det framleis interesse i marknaden for kjøp av aure.

7.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjeldyrking

Tabell 7.2.1.: Konsesjonar for andre marine fiskearter og skaldyr fordelt på kommuner pr. 31.12.94.

Kommune	Andre marine fiskearter					Skaldyr		
	Ant.	Torsk	Kveite/ piggvar	Sjørøye	Ål	Volum (m3)	Ant.	Areal (dekar)
Haram	4	1	3	-	-	5.000	5	20
Skodje	-	-	-	-	-	-	-	-
Ørskog	-	-	-	-	-	-	-	-
Vestnes	-	-	-	-	-	-	-	-
Rauma	1	1	-	-	-	8.000	-	-
Totalt	5	2	3	-	-	13.000	5	20

Andre marine fiskearter

Ved utgangen av 1994 var det i alt registrert 5 konsesjonar for oppdrett av andre marine fiskearter enn laks og aure. Det er 3 konsesjonar (8.600 kbm.) mindre samanlikna med i fjor.

Samla oppdrettsvolum var på 13.000 kbm. 4 av dei 5 anlegga var i drift i meldingsåret, 1 anlegg som driv med oppdrett av kveite, 1 anlegg for oppdrett av kveite/piggvar og 2 anlegg for oppdrett av torsk.

Reduksjonen i talet på oppdrettsanlegg skuldast avvikling av anlegg og inndraging av konsesjon på grunn av manglande aktivitet.

Oppdrett av andre marine fiskearter har hittil ikkje gjeve anlegga den innteninga som ein hadde forventa. Dermed kan ein au rekne med at nokre av anlegga som no er i drift vil bli tvungne til å leggje ned verksemda på grunn av svak innteningsevne.

Trass i dette registrerer ein stor interesse i næringa når det gjeld oppdrett av kveite. Og ein har god tru på at det er framtid i kveiteoppdrett, - sjølv om produksjonen av kveite per i dag er på eit spartansk nivå samanlikna med laks.

Det foregår intens forskning på kveiteoppdrett. Og det vert gjeve støtte av Norsk Forskningsråd til prosjekter som har med kveiteoppdrett å gjere. Aktørane innan næringa har også tru på at dei teknologiske problema knytta til yngelproduksjon og tilvekst skal kunne løysast i nær framtid. Men før dette skjer er det lite som talar for at det er mogleg å setja igang med produksjon av kveite i stor skala.

Skaldyr

Når det gjeld oppdrett av skaldyr (østers) var det i alt registrert 5 konsesjonar. Medan det i fjor og i forfjor var registrert hhv 7 og 13 konsesjonar. Årsaken til reduksjonen i talet på skjeldyrkingsanlegg er i det vesentlege inndraging av konsesjonar på grunn av manglande aktivitet/produksjon, samt nedlagte anlegg.

I meldingsåret har det ikkje vore hausta inn østers frå anlegga, etter det ein har kjennskap til, og det er hittil heller ikkje sett ut nytt parti med østersyngel i området.

Det er ikkje registrert leveranser av noko større mengd dyrka skjel for salg, og det er ikkje særleg stort håp om at denne forma for havbruk vil ekspandere i næraste framtid. Undersøkingar blant skjeldyrkarane i tenestedistriktet syner at det framleis er fleire anlegg som er under avvikling. Viktigste årsak til det er problemer med å få lønsemd av verksemda. Difor er det rimeleg grunn å tru at inndraging av konsesjonar innan skaldyroppdrett vil halde fram i 1995.

8. ANDRE VERKSEMDER

8.1. Kystsoneplanlegging

I dei fleste kommunane i dette tenestedistriktet er ein i meir eller mindre grad igang med arealplanlegging i kystsona. Dette skjer vanlegvis i samband med utarbeiding av kommuneplan, og der ein kystsoneplan vert inkorporert som ein delplan til kommuneplanen. Rauma og Vestnes kommuner er komme lengst i arbeidet med arealplanlegginga i sjøområda. Planene i desse to kommunane er fullført, men dei er per dags dato ikkje vedtatt i kommunestyret.

8.2. Fiskerihamnesaker

Siste byggetrinn for Austnes fiskerihamn var gjort ferdig før årsskiftet 1992/93.

Frå Kystverket si side reknast no utbygginga av Austnes fiskerihamn som fullført. Hamna er etter siste utbyggingstrinn godt tenleg til fiskeriformål. Men på grunn av liten fiskeritaktivitet i området er hamna hittil lite brukt av fiskebåtar.

Av større fiskerihamnesaker er det no utbygging av fiskerikai på Fjørtoft som står for tur. Det er imidlertid usikkert når tid Kystverket skal setja i gang med dette utbyggingsprosjektet.

Utbygging av fiskerikai er viktig for å halde oppe og utvikle vidare fiskerimiljøet på Fjørtoft. Difor bør ein ha som målsetjing å setja i gang den planlagte utbygginga av fiskerikai så snart som mogleg.

8.3. Samarbeidstiltak

Med bakgrunn i eit initiativ frå Norges Fiskarlag, blei det i august 1992 starta opp med prosjektet "Samdriftskontor for fiskarar". Meininga med prosjektet var å etablere samdriftskontor mellom fleire fartøy for å ivareta og styrke den administrative delen av drifta til reiarlaga, i første rekkje hos kystfiskefartøy.

Etableringa av samarbeidstiltaket skulle m.a.o. ta sikte på felles rekneskapsførsel, ledelse, redusere kostnader m.v. for å oppnå auka lønsemd og meir rasjonell drift av fartøya.

Men undersøkingar viser at det er liten interesse blant fiskarane for etablering av samdriftskontor. Ein årsak til det kan vere at fiskarane i tenestedistriktet bruker eksisterande regnskapskontor. Og det er allereie etablert eit ganske godt tilbod innanfor dette arbeidsfeltet, - både for kyst- og havfiskeflåten. Nokre av reiarlaga innanfor havfiskeflåten har også etablert sine egne administrasjonsavdelingar.

8.4. Sikkerhetsopplæring for fiskarar

I meldingsåret er det arrangert eitt sikkerhetskurs for fiskarar. Kurset vart avvikla i Søvik i veke 12 med berre 7 deltakarar. Dette må ein kalla svak deltaking tatt i betraktning av at det ombord i kurs-fartøya kan delta opp til 24 personar på kvart kurs.

Ein annan form for "sikkerhetsopplæring for fiskarar" går føre seg ved rettleiarkontoret. Det skjer ved spreing av informasjon om sikkerhetsmessige krav for registrerte fiskefartøy og utdeling av stabilitets-plakatar til fartøyeigarar.

8.5. Fiskeriutdanning

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret gått aktivt inn og oppmuntra fiskarane til å styrke sin kompetanse i fiskaryrket ved å ta fiskerifagleg utdanning.

Det er ikkje oppretta tilbod om fiskeriutdanning korkje i ungdomsskulen eller i den vidaregåande skulen i dette tenestedistriktet. Men gjennom Fagopplæringskontoret i Møre og Romsdal er ein blitt orientert om etablering av fagutdanning for fiskarar. Frå 1993 kunne vante fiskarar i fylket begynne på teoridelen (yrkeslærekurs) til fagprøven. Dette er såkalla paragraf 20 kurs etablert med heimel i paragraf 20 i "Lov om fagopplæring i arbeidslivet". Kurset er på 456 timer, og dei er lagt til vidaregåande skular i distrikter som har fiskerifaglege studieretningar.

Siste nytt innanfor fagutdanning for fiskarar er igangsetting av 40 timers praksiskurs i grunnpraksis for fiskeindustrifaget. Kurset er meint å vere for kandidatar som har godkjent yrkest teori for fagprøven, men som mangler deler av praksiskravet for påmelding.

Opplæringa skjer i produksjonshall ved Ålesund maritime skule.

Kurset er delt inn i 4 tema:

- 1) kvalitetsbedømming
- 2) råstoffbehandling
- 3) filetering/flekking for hand
- 4) pakking av aktuelle produkt

Ved fiskerikontoret i Brattvåg var det registrert interesse for kurset blant personell (leiarsjikt) ombord i fabrikkskip. Men trass i etableringa av undervisningstilbodet vart det ikkje avvikla "kurs for fiskarar" korkje i 1993 eller 1994. Dette på grunn av at det var påmeldt for få kursdeltakarar.

Ein trur likevel at interessen for fagutdanning for fiskarar vil auke etter kvart som undervisningstilbodet vert betre kjent ute blant aktørane innan næringa. Utviklinga innan fiskerinæringa tyder på at det au vil bli stilt auka krav til formell kompetanse for fiskarar, - på same måte som det vert gjort til arbeidstakarar i fiskeindustrien på land. Det vert derfor viktig at ein held fram med spreieing av informasjon om kurstilbodet. Men ikkje minst, er det viktig at myndigheita set igang tiltak for å leggje til rette for rekruttering til fiskaryrket gjennom utdanning.

I Møre og Romsdal er det no etablert fiske- og fangstklasser ved fire vidaregåande skuler. Desse er som følgjer: Herøy, Giske, Smøla og Aukra vidaregåande skuler. Fiske og fangst er eit eittårig vidaregåande kurs frå grunnkurs i naturbruk, og vart oppretta i samband med "Reform '94".

Siste avsnitt er meint å vere ein "opplysning" til aktørane i fiskerinæringa.

